



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 27.04.2018

Vår ref.: 2018/10009-7

Saksbehandlar: torrods

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Førespurnad om fråsegn - rutedrift Odda - Skjeggedal

I brev av 18.03.18 mottok vi søknad frå Taxi/Bus Odda AS, om dispensasjon frå kravet om ruteløyvet for rutedrift på strekninga Odda – Skjeggedal. I høve saka gjorde fylkesdirektør samferdsel 19.04.18 følgjande vedtak:

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 36 avslår fylkesdirektøren søknad av 18.03.18 frå Taxi/Bus Odda AS om dispensasjon frå kravet om ruteløyvet for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal.

Grunngjevinga for vedtaket var i korte trekk, at det i forskrifta er ein føresetnad for å gje slik dispensasjon at rutedrifta ikkje vil skade annan rutetransport. Fylkesdirektør samferdsel kom til at ei godkjenning av søknaden frå Taxi/Bus Odda kan skade Odda Taxilag AS si rutedrift på same strekning, og at Taxi/Bus Odda gjennom politisk handsaming i fylkeskommunen kan få ruteløyve.

Taxi/Bus Odda har i brev av 23.04.18 påklaga vedtaket. I klaga heiter det m.a følgjande:

Odda Taxilag AS har i sesongen som er 3 mnd, 2 avganger fra Odda til Skjeggedal per dag, der er plass til maksimalt 80 sitteplasser, det er anslagsvis ventet ca. 1.000 besökende daglig som skal gå til Trolltunga. Odda Taxilag kjører etter erfaring resterende mengde mennesker opp med vanlig taxi. Noe som blir dyrere for de reisende samt økt forurensing, og ikke minst stor belastning på vegen. At vanlige taxier blir brukt til shuttle Odda – Skjeggedal har vært til stor frustrasjon for lokalbefolkningen da de har vanskelig med å få taxi lokalt.

Vi vil ikke ha tilgjengelige avgangstider som er nærmere Odda Taxilag AS sine enn 30 min. Således kan vi ikke se at vi skader det økonomiske grunnlaget for Odda Taxilag AS. Sånn vi ser det er behovet for transport mye større enn det Odda Taxilag AS klarer å betjene i sommermånedene.

Det vert i klaga vidare gjort gjeldande at Odda camping ønskjer at Taxi/Bus Odda AS skal tilby den omsøkte ruta. I klaga heiter det vidare:

Overnattningsnæringen i Odda har også bedt om tidlige og flere avganger.

ODDA KOMMUNE har etterspurt om å sette inn flere busser, for å kunne frakte inntil 1.000 passasjerer på 4 timer.

[...]

Som følge av klaga må fylkesdirektøren vurdere merknadene i klaga. **For å få saka best mulig opplyst, ber vi om dykker fråsegn til fylkesdirektøren sitt vedtak og klaga på det innan 7. mai d.å.**

Dersom fylkesdirektøren opprettheld sitt vedtak, vil klaga bli sendt vidare til den fylkeskommunale klagenemnda, som gjer endeleg vedtak i saka.

Dersom fylkesdirektøren gjer om vedtaket kan part eller annan med rettsleg klageinteresse klage på dette. Ei slik eventuell klage vil også bli handsama i første instans (fylkesdirektøren) innan den eventuelt vert sendt vidare til klagenemnda. **Samferdselsavdelinga vil på førespurnad gje nærmare orientering om klagerett.**

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
TAXI/BUS ODDA AS